

# KIRKEBLAD

FOR

## DAVIK

Nr. 69

Utkommer hver  
måned

Juni 1936

Utgiver og redaktør:  
Sogneprest Slaattelid  
Davik

7. årg.

### Guds kirke.

Guds kirke er her på jorden,  
og ei som en flyktig gjest.  
Den har hjemme i syden og norden,  
den kaller i øst og i vest.  
Over allverden den spenner,  
går ikke et folk forbi.  
Men folkesjelene brenner,  
og tungemål gløder deri.

Dens Herre bor i det høie,  
hvor stjernene synger i kor.  
Og sekler og slekter bøie  
sig dypt for hans føtters spor.  
Han bor i en gyllen gåte,  
et lys vi ikke kan se.  
Men vi har erfaret Guds nåde  
og sett hvor hans gjerning kan skje.

Velsignet være den gamle  
fløi av Guds hus hvor vi bor.  
Minner og syner samle  
sig oppe i kirkens kor.  
De farne rekker oss hånden  
i slektenes høitidshjem,  
og over oss hvisker Anden  
sitt: Videre, videre frem!

Velsignet være hvert minne  
om høitid og stille fest,  
da lovsangen steg herinne,  
og vi var den høiestes gjest.  
Velsignet være de dage  
da bønn fikk underfullt svar,  
da vi så Guds kraft i de svake  
og kjente at kraften bar.

(Fra dansk).

### Kirkegang.

Hvor elskelige er dine boliger,  
Herre, hærskares Gud.  
Salme 84, 2.

De Herrens boliger som den gammeltestamentlige sanger finner elskelige og inderlig lengter etter, er Israels helligdom, tabernaklet eller templet. Dit har han styrt sine skritt for å finne Herren, hærskares Gud.

Og der har hans hjerte funnet ham og kommet i samfund med ham. Derfor er Herrens boliger blitt dyrebare for hans hjerte, og han nærer den dypeste lengsel etter å komme dit igjen. Den opplevelse og derav følgende lengsel etter Herrens hus som den gamle paks sanger her gir uttrykk for, — den er blitt delt av troende kristne i den nye pakt frem gjennom de skiftende kirkens tider like til idag.

Å — min barndoms kirke, hvor jeg blev døpt, hvor jeg gikk med far og mor, hvor jeg blev konfirmert, hvor jeg første gang fikk nadveren, — hvilken plass har den ikke i manges sinn! Personlig står jeg ofte i tanken på skrenten av bakken som fører ned til kirken ved en Vestlandsfjord. Jeg ser kirkebåtene stevne mot kirken og kirkebesøkende på alle veier. Så kommer klokkeklangen:

»Ærverdig står kirken på tangen  
og signer med klokkeklangen.»

Da letter de gamle menn på hatten, og de gamle kvinner neier etter gammel skikk. Ved kirken står der stenkors som betegner tilbedelsesstedet før fedrene fikk bygget sitt første kirkehus. For en helg der er over det hele! Og er det ikke slik: Alt hvad vi eier av kjærlighet til land og folk, av verdifulle minner, — de er som en mors hånd som leder oss til kirken:

»Hun tok oss i handen og følge oss gav  
hort derfra til kirken, så stille og lav,  
hvor fedrene ydmykt har bøiet kne,  
og mildelig hun sagde: Gjør I som del!»

Det er vel ikke så godt å ha en begrunnet mening om kirkesøkningen. Den er iallfall dårligere enn i min ungdom, ett å to slekledde tilbake. Jeg er viss på at det betegner et betydelig tap, kristelig og kirkelig sett.

Både det kristelige enkeltmannsliv og samfundsliv lider derav. For gudstjenesten i kirkehuset har en sterkt oppbyggende og sammenbindende evne.

Gud hjelpe derfor oss alle med den gamle sanger å lengte etter og søke hen til Herrens, hærskares Guds, elskelige boliger.

Fra »B. og H.«

### Um vigsla av Davik-kyrkja.

Etter oppmoding sender eg Kirkebladet nokre minne frå kyrkjevigsla i Davik i 1886. Den gamle vene krosskyrkja stod enno. — Det høge slanke tårnet med koparhanen i spiret og den milde klangen frå den gamle klokka, hadde no tent ut. Ho var fager der ho stod, både når sumarvinden fekk engi på kyrkjemyri til å svaga i solveret, og når snøen låg kvit rundt um, og berre Furehagen stod myrkegrøn mot alt det kvite og hørde kyrkja til, liksom. No var nyekyrkja i stand. Mons Totland hadde måla henne, Hans Holmøy arbeidt altarråma. Anders Orheim hadde um vinteren site hjå handelsmannen Vik og måla altarbiletet. Gutar frå bygdli hadde site som modell til sume av apostlane. Hans Sundal hadde nya uppatt den gamle fagre preikestolen; Marie M. Frimannslund hadde pussa kristnafatet og ljosekruna, og Brita Rosenlund hadde sauma og knipla altarduken. Alt var fyrebudd på det beste.

So kom vigsledagen med sol og fest. Ei mengd med båtar stemnde yver fjorden til Davik, utanfrå og innanfrå, og snart var alle vegar og ræser fulle av kyrkjefolk. For fyrste gong lyfte karane hatten av for dei tunge maktfulle tonar frå nyeklokka. Snart kom sokneprest Hansen med bispen og prosten og alle prestane, klokkaren og medhjelparane. Alle desse gjekk inn i gamlekyrkja og kom so utatt. Bispen fyrst med gullkrossen på bringa og altartaupet i høgrehandi, so prosten Borch med disken, vår eigen prest med bibelen og deretter dei andre prestane. Alle bar dei noko. Sist kom dei vyrdelege gamle medhjelparane Peder Kjøllesdal og Hans Bøen med kvar sin altarljosestake. Folket gjorde rom for det vyrdelege toget. Alle stod med bert hovud. Mange av dei gamle gret då dei heilage kar vart borne ut or gamlekyrkja.

No samla folket seg i sitt nye gudshus til den fyrste tenesta der. Det var ein prest som heitte Geelmuyden(?), som song for altaret. Han hadde slikt veldugt mål. So gjekk bispen Hvoslef på preikestolen, klædd i korkåpe. Han var ein aldrande mann med kvit hårkrans, blidvorren og likevel vyrdeleg ålvorsam. Han preika over dette bibelordet: »Dette er det evige liv at de kjende dig, den eneste sande Gud, og den du utsendte, Jesus Kristus.« Både ordi og framføringi av preika var gripande. Mange av oss unge tykte det var eit veldigt bodskap frå ei ævleg verd. Enno kan hugen fyllast og auga doggast ved minnet.

No er 50 år gjengne, og mesteparten av dei som var aktivt med ved denne kyrkjevigsla, kvilar under torva. Gud signe dei, der dei er no!

A. M.

### Notisar.

**Døypte:** 26. april: Rolv Sigurd, f. 13. febr. av f. Jørgen Josefsson Hessevik og k. Dorteia Isaksdtr. (f. Runshaug).

**Ektevigde:** 9. mai i Laksevåg Paul Pedersson Midthø og Rasmine Matiasdtr. Blålid.

**Avgangsprøva 1936** i stil og rekning vart halde 14. og 15. april. Utfallet var: Aalfot: 2 born; stil 1,5 og 1,5; rekning 2 og 3. — Torheim 2 born, 2; 1,5 og 1,5; 1,5. — Isane—Dombestein 2 b.; 1,5; 2 og 1; 1,5. — Davik 3 b.; 2,5; 2,5; 2,5 og 1; 1; 3,5. — Endal 3 b.: 1,5; 1,5; 1,5; og 2; 1,5; 1,5. — Rugsund 9 b.: 3,5; 4,5; 2; 3; 2; 3; 2,5; 2,5; 1,5 og 3,5; 4; 1,5; 3,5; 1,5; 2,5; 3,5; 3; 1,5. — Leirgulen: 3 b.: 1,5 1,5; 2,5 og 1; 1; 1. — Bortne—Hennøy 3 b.: 2,5; 3,5; 3 og 1; 2; 1. — Berle 4 b.: 2; 3; 2,5; 2 og 1; 2; 1; 1. — Hamnen—Lefdal 4 b.: 2; 2,5; 1,5; 4 og 1; 1; 2; 3. — Gangsøy 2 b.: 2; 4,5 og 2; 4. — Tytingvåg—Husevåg 6 b.: 4; 2; 4; 2,5; 2,5; 1,5 og 1,5; 1,5; 3,5; 2; 2; 1,5. — Nordstrand 2 b.: 2,5; 3,5 og 2,5; 2,5. — Rimstad 2 b.: 1,5; 2,5 og 1; 1. Maurstad 5 b.: 2; 3,5; 2; 3; 3,5 og 2; 1,5; 1,5; 4; 4. — Haus 1 b.: 1,5 og 1. — Kjølisdal 8 b.: 2; 2,5; 2,5; 2; 3,5; 2; 3,5 3 og 1,5; 1; 2,5; 1,5; 2; 1; 3; 1,5.

Medlemmer av eksamensnemnda var lærarane Bruland og Føleide og so soknepresten. Sfiluppgåva var: »Ein gong eg hadde vount samvil.«

**Basarar:** Rugsund 14. april til indremisjonen kr. 130.79 + bøssepengar 20 kr. — Davik 14. april til sjømannsmisjonen 125.51. — Gangsøy 26. april til Kinamissionen 78.50 og til indremisjonen 26.50. — Aalfot 8. mai til sjømannsmisjonen 90 kr. — Haus 28. mars til indremisjonen 97.30.

**Til sjukerøktlaget** er innkomne: Jolelodd: Davik, Rugsund, Tytingvåg 10 kr.; Hunsår, Oldeide, Gangsøy, Isane, Dombestein, Bortne, Nordstrand, Maurstad, Torheim 5 kr.; Oldeide 2,50; Haus 15. Merke: Davik, Rugsund, Tytingvåg, Haus 4 kr.; Hunsår, Oldeide, Berle, Isane, Dombestein, Bortne, Nordstrand, Rimstad, Maurstad 2 kr.; Gangsøy 0.72; Oldeide 1; Torheim 3. — Medlemspengar: Rugsund 32, Hunsår 18, Davik 40, Elde 5, Leirgulen 23, Oldeide 2, Berle 10, Isane 14, Haus 24, Dombestein 15, Reksnes 17, Nordstrand 22, Maurstad 54, Kjølssdal 55, Rimstad 4 og for 1935 26 kr., Torheim 7, Aalfot 35, Endal, 15, Bortne 10. — Gåver: Katrine Leirgulen 10, lærar Karl Domstein 13. Offer i Davik 61.99. Utlodning ved fru Bertine Indrebø, Dombestein 21.60. Overskot av fest på Dombestein 9.65.

**Til redningssaka** kom inn i Bryggja krins i siste rekneskapsår: Basarpengar 258 kr.; kvinnelaget »Von«, Maurstad 81; »redningsklubben«, Rimstad 50; flagsal 23.10; kollekt v. Hummelsund 56. Tilsaman 468.10.

**Til heidningmisjonen** er for 1935 frå Davik og Dombestein foreiningar sendt kr. 634.75; dessutan 25 kr. til Israelsmisjonen og Santalmisjonen. Der kom inn: Offer 103; ved forein. i Davik 483.62; ved forein. i Dombestein 83.20; gåve frå Noe Dombestein 10 kr.

**Til dekkjng av underskot** åt det Norske Misjonselskap vart i Kjølssdal samla inn 22 kr. ved lærar Fjleide.

**Til Finnemisjonen** kom inn i 1935: I Davik sokn kr. 112.22; i Rugsund 62; i Aalfot 70. Tils. 244.22.

**Til heidningmisjonen** kom inn i 1935: I Davik sokn 1138.06; i Rugsund 1450.71; i Aalfot 390.92. Tils. 2889.69. I 1934 vart tala 1010.68, 1230.64, 240.52, tils. 2481.84. Det er soleis ei aukeing på over 400 kr. Eit gledelegt resultat!

**Nordfjord felleforeining for heidningmisjonen** held årsmøte i Davik 27.—28. juni. Misjonærene Hodneland, Gotteberg og fru Gotteberg vert med. Møtet byrjar laurdag 27. juni kl. 4.

**Sundag 5. juli** er det 50-årsjubileum for vigsla av Davik kyrkje. Det vert gudsteneste med preike av prost Nybø. Kl. 4 vert det avduking av bautasteinen for Claus Frimann med taler av ordførar Lefdal og Olaf Hanssen. Tilslutt vert det vespergudsteneste.

Spursmålet um bededagen har vore fyre på soknemøte i Aalfot og Davik. Båe stader vedtok dei samrøystes, at hededagen bør haldast uppe, og ikkje atter flytjast. I Davik la dei til, at skulde han flytjast, so burde han flytjast attende til den gamle bededagen.

**For 100 år sidan.** Vigde: 13. juni 1836 Torbjørn Bortne, forpagter, 27 år, son til Erich Torbjørnsen, og Ragnhilde Noesdr. Høines, 25 år. — 24. juni Peder Indre Houge, enkem. og gaardm., 35 år, son til Waldemar Larssen Lillepøen, og Christi Ytre Houge, 32 år, dotter til Otte Olsen. — S.d. Peder

indre Davig, enkem. og gaardm., 41 år, son til Niels Anderssen Haugs, og Anne Ravnefjell, 33 år, dotter til Simon Christensen yttre Davig.

#### Gudstenester.

- |                         |           |          |
|-------------------------|-----------|----------|
| 2. sund. etter treein., | 21. juni: | Davik.   |
| 3. —»—                  | 28. juni: | Totland. |
| 4. —»—                  | 5. juli:  | Davik.   |
| 5. —»—                  | 12. juli: | Rugsund. |
| 6. —»—                  | 19. juli: | Aalfot.  |

**Kvittering for kontingent:** Andreas Haus, Berta Berge, Matias Ervik, Oline A. Ervik, Karoline Hessevåg 2 kr. — Kristian Daviknes, Johanne Midtbø, Nils K. Hamnen 2.50. — Kyrkjesongar Daviknes 3. Tils. kr. 20.50.

Hjarteleg takk til alle.



#### Våre døde.

23. april: Ole Martinusson Lofnes; g. fiskar; f. 1899; leversjukdom.
5. mai: Ole Pedersson Northun; e., snikkar; f. 1863; bustad: Hoksund; blæresjukdom.
6. mai: Petter P. Berstad, g. kårman; f. 1859; lungesvull.
13. mai: Hjalmar Kristiansson Rimstad, ug. fiskar; f. 1910; tuberkulose.

**Eit menneskje, som gras er hans dagar, som blomen på marki, soleis blømer han.** Salme 103, 15.

#### Min fars kveldssukk.

O sabbat, o du hviledag  
udi min Herres hellig,  
hvor lenges jeg av møie svak,  
hos dig å blive rolig.  
Når skal jeg komme der å stå  
blandt de utvalgte skarer,  
hvor intet ondt mig røre må,  
men gleden evig varer.

K. B.

#### Kyrkjebyggjinga i Davik. II.

Stiftsdireksjonen vilde ikkje finna seg i ei slik utsetjing på det uvisse. I 1875 kravde han at kyrkja skulde mælast upp, venteleg for å syna at ho ikkje var stor nok. Ordførar Ole Haus og kyrkjesongar Rosenlund fann at kyrkja hadde plass til 333 menneskje. Soknestyret vedtok no, at ein skulde få tak i teikningar og overslag; ordføraren skulde prøva å få låna teikningar av nokre »nylig opførte og sømmelige kirker«. Dermed kvilde saka eit heilt år, endå prosten purra på. Det einaste som vart gjort var at ordføraren, som skulde til Stryn på fylkestinget

i 1876, vart pålagd å ta Uppstryns kyrkje »nøie i øiensyn«.

Sumaren 1876 var det bispevisitas og biskopen heldt sterkt fram at no måtte ein byggja. Og endeleg såg det ut til å verta ålvor. I desember vedtok soknestyret at ein skulde byggja etter same teikning som kyrkja i Vanylven var oppført etter. Der skulde vera 450 »siddende pladse«. Det skulde seinare fastsetjast um ein skulde byggja kyrkja av tre, stein eller »cheiment«. Det vart og vedteke å søkja Oplysningsvesenets fond um eit lån. Dette såg jo lovande ut. Men på same møte kjem og upp for fyrste gong det store spursmålet, som vekte so mykje strid og seinka saka i so mange år: Kvar skulde kyrkja stå? Det var kome skriv frå Matias H. Reksnes m. fl. og frå Kristen Olsson Lefdalsnes og alle dei andre i Levdalsbygda. Dei heldt fram at kyrkja måtte bygjast på ein meir sentral stad enn Davik. Kristen Levdalsnes nemnde Haus. I soknestyret var der no berre folk frå nordsida. Ved dei siste val var etterkvart alle frå sudsida lempa ut. Soknestyret vedtok difor samrøystes, at kyrkja skulde vera på Haus. Det heiter i vedtaket: »Til støtte for hensiktens opnåelse må man anføre at den nuværende kirke i Daviksbukten står på et uhedig og avsides beliggende sted for flertallet av de kirkesøkende av menigheten. Der hvor kirken står er et meget stormhårdt sted, hvor en ny og tidsmessig kirke vanskelig skal kunne bli bestående. — — Det må ansees for en meget tidsmessig ordning at også prestegården blir henlagt til et mere hensiktsmessig sted.« — Alt i januar 1877 heldt soknestyret nytt møte og vedtok kontrakt med byggmeister Gjert Jakobsson Lien. Han skulde setja upp kyrkja for 4920 spesiedalar og 48 skilling. Planering og muring skulde utførast ved pliktarbeid.

Men no tok sudsida til å røra på seg. Føraren her var Martines Frimannslund, og han låg ikkje på latsida. I jola vart den fyrste protesten ferdig, og den kom frå gardbrukarane i Aalfot. Borna derifrå las jo for presten i Davik; å reisa til Haus vilde verta lenger. Difor var dei imot flutning. Men Frimannslund vilde sjølv til Bergen og tala med autoritetane. Og han fekk god studnad av sokneprest Lassen. Denne gav

han med på ferda attest for å vera ein pålitande og forstandig mann »til hvis utsagn angående det uhensiktsmessige i Davikens kirkes flytning til Haus der kan skjenkes full tillit«. Og soknepresten sende og brev til biskopen, der han tok avgjort stode mot å flytja kyrkja og prestegarden.

Soknestyret hadde sendt kontrakta med Lien til fylkesmannen, som sende henne vidare til stiftsdireksjonen. Denne gjorde soknestyret merksam på at teikningar til kyrkjer må godkjennast av kyrkjestyret, og at ein ikkje kunde flytja kyrkja på eiga hand. Nye motstandarar hadde no reist seg mot flytjinga. Det kom protest frå uppsittjarar i Rugsund sokn med handelsmann Friis i brodden. Tidlegare sokneprest Meyer og tidlegare prost Koren hadde gjeve fråsegn og var sterkt imot å flytja kyrkja. Tre dampskibsførarar, Johannesen, Freuchen og Ommundsen, heldt på at Davik var mykje betre som landingsplass enn Haus. Sokneprest Lassen skreiv atter at han var imot soknestyrevedtaket. Det vilde vera »ufordelaktig for det hele prestegjeld« å byggja på Haus, og »i høi grad besværliggjøre dette sognekall og forminske ansøknernes antall når det blir ledigt.« (Framhald).

## Dikte av Claus Frimann.

### 7. En landsbyepiges Foraarsang.

Den kolde Soel er ikke meer,  
 (Og gid den længe blive borte!  
 Dens Skin var mørkt, dens Dage sorte.  
 Min Sommer, du velkommen vær!  
 Din Komme jeg med Sang velsigner.  
 Hvor fuld er du af Lys og Liv,  
 Min Ungdomsalder selv du ligner,  
 Du elsker Spøg og Tidsfordriv.

Alt klædes nu det ganske Land,  
 Alt grønnes nu de mørke Lunde.  
 Til Skiul og Lye de varme Stunde  
 Naar Marken synes staae i Brand.  
 Hvor smuk fremtræder du o Sommer!  
 Med Blomster prydet, klæd i Grønt.  
 Naar jeg som Brud for Alter kommer,  
 Jeg ogsaa da vil staae i Grønt.

I første Blomster nu jeg staaer,  
 Men ak, hvor snart mit Blomster falder!  
 Vel let og glad gaaer Ungdoms Alder,  
 Men ak, hvor ilende den gaaer!  
 Hvo altid ung dog kunde være!  
 Dog, skal mig Foden blive tung,  
 Gid let som nu mit Hierte være!  
 Hvo altid glad er altid ung!